



**Av leiar i Uskedalen Bondelag
Olav Hjetland Bringedal**

**Di stemme 9. september kan avgjere om det i framtida skal
vere attraktivt å bu og leva i Kvinnherad.**

**Matproduksjon har i alle år vore ei av dei viktigaste næringane
i kommunen vår.**

**Skal også i framtida Kvinnherad vera kjent
for sitt velstelte kulturlandskap og sin flotte natur?**

Du tenkjer kanskje ikkje over det, men lett tilgjenge til dei store naturopplevingane, og det velstelte landskapet, heng saman med at det framleis er matproduksjon i heile kommunen vår.

1. September var "Kom deg ut-dagen" i regi av Den Norske Turistforening. Mange nytta høvet til akkurat å komma seg ut denne dagen. Her i Kvinnherad var barn og vaksne i Fjellhaugen. Dette området er eit flott utgangspunkt for aktivitet heile året.

Kvart år beitar det fleire tusen sauer og storfe på utmarksbeite i nærområdet vårt. Fjellhaugen er ikkje noko unntak. Dette er eit viktig beiteområde for sauer og lam. Konsekvensane for Fjellhaugen og andre turmål i Kvinnherad kan verta stor dersom fleire bønder reduserar drifta si og sluttar med beitedyr. Verdas befolkning er venta å auka til 8 milliardar i 2025.

FN-organet FAO har berekna at verdas matvareproduksjon må auka med 60 % innan 2050. Berre i Noreg vert vi 1. million fleire om 20. år. For å klara å skaffa vårt eige folk nok mat i framtida må vi ta i bruk alle ressursar landet har.

Med desse fakta på bordet, undrar eg meg over kva landbrukspolitikken enkelte parti ynskjer å føra, dersom dei kjem til makta.

For at ein skal kunna produsera mat i heile landet, er det tre sentrale element som må vera på plass: Importvernet,forhandlingsretten og marknadsreguleringa. Dette har den sitjande raudgrøne regjeringa teke på alvor.

Eg vil hevda at det slett ikkje har vore så aller verst å vera bonde med deira landbrukspolitik. Det har også i denne 8-årsperioden vore store strukturendringar i landbruket, med dei konsekvensane det har ført med seg. Likevel er eg redd konsekvensane vert mykje større dersom vi får eit regjeringsskifte.

Som forbrukar er det trygt og godt å kjøpa norskproduserte matvarer. Svært lågt smittepress for husdyrsjukdommar og eit"reint" landbruk gjev god husdyrhelse og lågt forbruk av medisinar. På denne måten veit folk kva dei får når dei vel norske matvarer.

Både Høgre og Framstegspartiet har sagt klart frå om at dei ikkje ynskjer å satsa på norskprodusert mat. Dei skal kutta i stønaden til norsk matproduksjon. Dette på tross av at stønaden no berre utgjer 1,33 % av statsbudsjettet. Kostnadsnivået i Noreg er svært høgt, og utan stønad vert det umogleg å oppretthalda matproduksjonen. Mange bønder vil leggja ned drifta og distrikta vert først råka på grunn av bratte og små areal.

Vidare ynskjer dei blåe partia å gje større del av stønaden til større bruk som driv meir rasjonelt. Det vil i praksis sei at landbruket i Kvinnherad vert ein av dei store taparane.

Dette vil verta merkbart for deg som innbyggjar ved at mange av dei gode verdiane ved å bu i Kvinnherad vil forsvinna.Landskapet vil gro att og du vil mest truleg berre kunna sjå beitedyr nokre få stadar i heile kommunen.

Auka import av matvarer og nedgang i produksjon av lokalproduserte varer vert ein anna konsekvens. Er dette ei utvikling du ynskjer?

Godt val!